

Utval: Utval for opplæring og helse
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. et, Fylkeshuset
Dato: 05.02.2019
Tidspunkt: 10:00-13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	A
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Daniel Charles Hextal	Medlem	SV
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Tor Andre Ljosland	Medlem	KRF
Jeanette Syversen	Medlem	R
Torgeir Toppe	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Espen Foseid Aakre	Linda Haugland Jondahl	A
Christoffer Thomsen frå kl. 10.30	Sigbjørn Framnes	FRP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Svein Heggheim	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga
Arne Åsan	Fylkestannlege
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør, eigedomsavdelinga
Ruth Ørnholt	Fylkesbiblioteksjef, kulturavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Utvalssekretær, fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 3/19	Referatsaker (meldingar)		
PS 4/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 1/19	Spørsmål frå Fosse Andersen (Sp) - Skuleskyss frå Indre Masfjorden	2018/12528	
RS 1/19	Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017. Fra folkefest til økonomisk bakrus	2014/1636	
RS 2/19	Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk	2018/17430	
RS 3/19	Elevar frå Etne kommune ved Ølen vgs	2018/15114	
RS 4/19	Løypemelding pilotprosjekt Bømlo - samarbeid skule og næringsliv	2017/4991	
RS 5/19	Løypemelding samarbeidsprosjekt Nordhordland	2014/10030	
RS 6/19	Verbalpunkt om oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland	2014/10030	
RS 7/19	Utstillingsareal i gangtunnel under busstasjonen	2019/507	
RS 8/19	Nye/reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd	2017/16384	
RS 9/19	Oppfølging av ulike problemstillingar rundt målbyte i vgs.	2016/34193	
RS 10/19	Oppfølging av tilleggspunkt til Kvalitetsmeldinga	2018/15114	
PS 5/19	Ymse		
PS 6/19	Stord vgs - vurdering av sal av avd Saghaugen	2014/11865	
PS 7/19	Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019	2018/15305	
PS 8/19	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.	2016/3968	
PS 9/19	Høyring - endringar i opplæringslova. Opplæring i kvensk. Yrkesopplæringsnemnder	2018/16828	
PS 10/19	Høyring - om endringar i opplæringslova, friskulelova og folkehøgskulelova. Reglane om politiattest	2019/212	
PS 11/19	Høyring - om endringar i barnehagelova, opplæringslova og friskulelova - løyve til å kreve butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsettast i barnehage eller skule	2019/216	
PS 12/19	Høyring om forskrift om tildeling av utdanningsstønad for 2019/20	2014/22031	

PS 1/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Rosalind Fosse (FrP) stilte spørsmål om kvifor sak om skoleskyss i Indre Masfjorden ikkje vart sett opp som ei meldingssak til dette møtet. Ho viste til at det var kome inn spørsmål til saka og at ho

hadde sendt inn vedlegg i saka. Administrasjonen vil undersøkje kvifor denne saka ikkje var sett på sakskartet til dette møtet.

Emil Gadolin melde frå om at han ville ta opp ei sak under PS 5/19 Ymse – Hjeltnes produksjonsskule og voksenopplæringstilbodet.

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med dei merknadene som er nemnd over.

PS 2/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 27.11.2018 vart godkjent utan merknader.

PS 3/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Referatsakene RS 1/19-10/19 vart refererte.

PS 4/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

FO 1/19 Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om skuleskyss frå Indre Masfjorden:

Senterpartiet har vorte kjent med at elevar frå Indre Masfjorden som går på Knarvik vgs har eit skuleskyssstilbod som medfører lang ventetid både før og etter skulen. Tilhøva har vorte forverra dette skuleåret på grunn av endra skulestart ved Knarvik vidaregåande og at ekspressbussen har lagt ned ei rute. På ei veke har somme elevar på det meste 12 timar med rein ventetid før og etter skulen. Det vert òg opplyst at elevane i liten grad har hatt høve til å opphalde seg på skulen i ventetida før og etter skuledagen.

Knarvik vidaregåande er nærskulen til elevar frå Indre Masfjorden. Senterpartiet ynskjer at flest mogleg skal ha høve til å bu heime medan dei tek vidaregåande utdanning. Med så lang reiseveg og lang ventetid er det lett å sjå føre seg at elevar kan måtte flytte på hybel mot deira vilje. Det er ei utvikling Senterpartiet ikkje ynskjer.

Senterpartiet har difor desse spørsmåla til opplæringsdirektøren:

1. Kva kontakt har fylkeskommunen hatt med Masfjorden kommune, føresette og Knarvik vgs. om skuleskyss-situasjonen for elevar frå Indre Masfjorden?
2. Korleis organiserer ein skuleskyss der det er lang reiseveg og rutebusstilbodet medfører lang ventetid?

Svar på spørsmål frå Alexander Fosse Andersen vedk. skuleskyss Indre Masfjorden

Fylkesrådmannen viser til følgjande spørsmål frå Alexander Fosse Andersen i samband med skuleskyss for elevar frå Indre Masfjorden:

1. «Kva kontakt har fylkeskommunen hatt med Masfjorden kommune, føresette og Knarvik vgs. om skuleskyss-situasjonen for elevar frå Indre Masfjorden?

2. Korleis organiserer ein skuleskyss der det er lang reiseveg og rutebusstilbodet medfører lang ventetid?»

Det har gjennom dei to siste skuleåra vore kontakt mellom Hordaland fylkeskommune v/Skyss, føresette og Knarvik vgs. Elevane frå Ytre Masfjorden nyttar rutebuss til og frå skulen. Om morgonen fungerer dette greitt og elevane kjem til skulen i passe tid. Om ettermiddagen nyttar elevane Norway expressbuss. Det er lang ventetid frå skulen er slutt og til bussen går. Elevane har tilbod om å vente på skulen.

Knarvik vgs er ein stor skule med neste 1000 elevar frå heile Nordhordland og nordre Åsane. Skulen har jobba med å tilpasse skuledagen og finn at tida for start og slutt på skuledagen no er best mogleg.

Dan Femoen (H) sette fram følgjande bestilling på vegner av H, FrP, V, MDG, KrF, SP, A, SV og R:

«Ber om at det i samband med fylkessamanslåinga vert vurdert om det skal vere ei øvre grense for ventetid i fylkeskommunen sitt skyssreglement, samstundes som det vert tatt omsyn til at ein rasjonell organisering av skyssen vert ivaretatt.

Utval for opplæring og helse viser til innspel som har kome frå Masfjorden kommune ved ordførar og ber om a dette vert svara på i ei eiga sak.»

PS 5/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Emil Gadolin (A) sette fram følgjande forslag:

«Utval for opplæring og helse ønsker at voksenopplæringstilbodet ikkje blir flytta frå Hjeltnes til Voss. I den perioden som skolen nå er inne i er det viktig at helheiten i tilbodet med bla fagskole og voksenopplæring vert bevart for å sikre ei sunn og god drift. Eventuelle diskusjonar om flytting av tilbod bør heller takast i samband med evalueringa av prosjektet med produksjonsskolen.»

Røysting

Gadolin sitt forslag fekk 9 røyster (A, R, SV, SP, MDG og V) og vart vedteke mot røystene til KrF, H og FrP (6 røyster).

Dan Femoen (H) sette fram følgjande forslag:

«Ber om ein orienteringssak ad ein eventuell flytting av voksenopplæringstilbodet frå Hjeltnes til Voss til neste møte i utval for opplæring og helse.»

Røysting

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Endra 11.02.2019

PS 6/19 Stord vgs - vurdering av sal av avd Saghaugen

Forslag til innstilling

Fylkeskommunen beheld skulebygget på Saghaugen og startar opp igjen prosessen med å ferdigstill rom- og funksjonsprogrammet for Stord vgs, avd Vabakkjen, i samsvar med vedtak i skulebruksplanen

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, H, FrP, V, MDG, KrF, SP, SV og R fram slikt forslag:

Utval for opplæring og helse ber om at fylkesrådmannen tek ein ny runde med forhandlingar med Stord kommune, med mål om å finne ein god løysing for framtidig skulebygg for Stord vidaregåande skule.»

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse ber om at fylkesrådmannen tek ein ny runde med forhandlingar med Stord kommune, med mål om å finne ei god løysing for framtidig skulebygg for Stord vidaregåande skule.»

PS 7/19 Nye namn på skular i Hordaland fylkeskommune 2019

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skole vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skole og Bergen maritime vidaregåande skole vert kalla Nygård vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2024.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, FrP, H, V, MDG, KrF, SP, SV og R fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad til vedtakspunkt 3:

Samtlege partier signaliserer at namnet på denne skulen skal vurderast fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skole vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skole og Bergen maritime vidaregåande skole vert kalla Nygård vidaregåande skule.
4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2024.

Protokollmerknad på vegner av A, FrP, H, V, MDG, KrF, SP, SV og R:

Protokollmerknad til vedtakspunkt 3:

Samtlege partier signaliserer at namnet på denne skulen skal vurderast fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.

PS 8/19 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.

3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

PS 9/19 Høyring - endringar i opplæringslova. Opplæring i kvensk. Yrkesopplæringsnemnder

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ønsker at fylkeskommunane sjølv skal kunne bestemme kor mange medlemmar yrkesopplæringsnemnda skal ha.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at samansettinga av yrkesopplæringsnemndene skal spegle 3-partssamarbeidet, og at samansettinga av nemnda skal ta omsyn til dei regionale føresetnadene som gir nemnda best mogleg mandat til å ivareta sitt mandat.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.01.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda :

1. Hordaland fylkeskommune ønsker at fylkeskommunane sjølv skal kunne bestemme kor mange medlemmar yrkesopplæringsnemnda skal ha.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at samansettinga av yrkesopplæringsnemndene skal spegle 3-partssamarbeidet, og at samansettinga av nemnda skal ta omsyn til dei regionale føresetnadene som gir nemnda best mogleg mandat til å ivareta sitt mandat.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ønsker at fylkeskommunane sjølv skal kunne bestemme kor mange medlemmar yrkesopplæringsnemnda skal ha.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at samansettinga av yrkesopplæringsnemndene skal spegle 3-partssamarbeidet, og at samansettinga av nemnda skal ta omsyn til dei regionale føresetnadene som gir nemnda best mogleg mandat til å ivareta sitt mandat.

PS 10/19 Høyring - om endringar i opplæringslova, friskulelova og folkehøgskulelova. Reglane om politiattest

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse støttar forslaget til endringar i opplæringslova, friskulelova og folkehøgskulelova, og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.01.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Utval for opplæring og helse støttar forslaget til endringar i opplæringslova, friskulelova og folkehøgskulelova, og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse støttar forslaget til endringar i opplæringslova, friskulelova og folkehøgskulelova, og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

PS 11/19 Høyring - om endringar i barnehagelova, opplæringslova og friskulelova - løyve til å kreve butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsettast i barnehage eller skule

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til forslag til endringar i høyringsnotatet og tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.01.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slik protokollmerknad

Denne saken skal det jobbes vidare med frem mot endelig behandling i OPHE 5. februar 2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Utval for opplæring og helse sluttar seg til forslag til endringar i høyringsnotatet og tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Protokollmerknad frå Anne Gine Hestetun (A)

Denne saken skal det jobbes vidare med frem mot endelig behandling i OPHE 5. februar 2019

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegner av MDG, H, FrP, V, SP, SV, R, KrF og A fram slikt tilleggforslag:

«Hordaland fylkeskommune vil også peika på utfordringane dette vil skape for internasjonale skular, som i betydeleg grad har lærerar frå land utanfor EØS og understrekar viktigheita av at eit eventuelt regelverk ikkje råkar desse på ein urimeleg måte.»

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

Forslag til nytt vedtak (erstattar FRM sin innstilling):

Utval for opplæring og helse meiner at departementet ikkje legg fram tilstrekkeleg grunngjeving for kvifor dette kravet skal innførast. Utvalet stiller spørsmål ved om ikkje intensjonen ivaretas allereie i dag gjennom krav til kompetanse og krav om norskspråklege ferdigheiter i skole/barnehage. I tillegg er det uheldig at departementet lager eit skilje mellom faste- og midlertidig tilsette m.m. og innleid personale vedrørende krav om butid, da det eksempelvis er bemanningsselskapar som vert brukt i barnehagar/skoler.

Røysting

Øyvind Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Emil Gadolin sitt forslag fekk 10 røyster (A, R, SV, SP, KrF, MDG og V) og vart vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 5 røyster (H og FrP) og fall.

Vedtak

Utval for opplæring og helse meiner at departementet ikkje legg fram tilstrekkeleg grunngjeving for kvifor dette kravet skal innførast. Utvalet stiller spørsmål ved om ikkje intensjonen ivaretas allereie i dag gjennom krav til kompetanse og krav om norskspråklege ferdigheiter i skole/barnehage. I tillegg er det uheldig at departementet lager eit skilje mellom faste- og midlertidig tilsette m.m. og innleid personale vedrørende krav om butid, da det eksempelvis er bemanningsselskapar som vert brukt i barnehagar/skoler.

Hordaland fylkeskommune vil også peika på utfordringane dette vil skape for internasjonale skular, som i betydeleg grad har lærerar frå land utanfor EØS og understrekar viktigheita av at eit eventuelt regelverk ikkje råkar desse på ein urimeleg måte.

PS 12/19 Høyring om forskrift om tildeling av utdanningsstønad for 2019/20

Forslag til vedtak

Utval for opplæring- og helse sluttar seg til forslaga til endring i vilkåra for utdanningsstøtte slik det går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring- og helse sluttar seg til forslaga til endring i vilkåra for utdanningsstøtte slik det går fram av saksframlegget.